



Leif Bjarne Kvinge
Austfjordvegen 1336
5981 MASFJORDNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1149 - 17/7557

Sakshandsamar:
Roald Kvingedal
roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:
28.11.2017

Melding om delegert vedtak - utsleppsløyve Austfjordvegen 1334 - Nordkvingo - gbnr 37/2

Vi syner til søknad motteke den 10.11.2017

Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

Administrativt vedtak. Saknr: 133/2017

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til forurensingsforskrifta § 12, og godkjenner søknad om utslepp frå avlaupsrennseanlegg gnr 37/2, Kvingo.

Søknad med vedlegg mottatt 10.11.2017 vert godkjent på fylgjande vilkår:

o Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

Grunngjeving:

Søknaden er i trå med forurensingsforskrifta § 12.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klagerett:

Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29).

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

18.2.1 Utsleppsløyve

| | | |
|-----------|-----------------------------------|----------------|
| a) | Utslepp ferskv. < 15 PE | 3 300,- |
|-----------|-----------------------------------|----------------|

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21- 4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for hus nr 2, sak 054/2016, gnr 37 bnr 2.

2. Fakta

Søknaden er i trå vedtak sak 054/2016, og forrurensingsforskrifta § 12.

Søknaden gjeld søknad om utslepp sanitært avlaupsvatn frå kjemisk/biologisk renseanlegg med 90% reduksjon av fosfor og 90% reduksjon av BOF5, med pe på 5. Utsleppsted vert til elv, som vist på situasjonskart, dato 16.11.2017.

Det er ingått service avtale ned leverandør av renseanlegget. Slamtøming vert etter kommunal ordning.

3. Vurdering

Masfjorden kommune har ingen merknader til søknaden.

4. Konklusjon

Jf, vedtak

Med helsing

Roald Kvingedal

teknisk sjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:

Leif Bjarne Kvinge

Austfjordvegen 5981
1336

MASFJORDNES